



Kulturdepartementet har ansvar for den statlege politikken og forvaltninga på områdene kultur, opphavsrett, kyrkje, medier, idrett, frivillig verksemd, tros- og livssynssamfunn og pengespel og lotteri. Departementet har om lag 155 tilsette fordelte på fem avdelingar og ei kommunikasjonsseining.

Kunst- og museumsavdelinga har ansvar for utvikling av den nasjonale politikken innanfor musikk, scenekunst, visuell kunst, museum og andre kultursaker. Kultur og næring, kunstnarøkonomi, barne- og ungdomskultur, kulturbygg, frivillig kulturliv, samiske kulturformål og kultur i nordområda sorterer òg inn under ansvarsområda til avdelinga. Avdelinga forvaltar løyvingar og tilskot til statlege og ikkje-statlege organ og institusjonar, og lover og regelverk innanfor ovannemnde felt.

Ekspedisjonssjef i kunst- og museumsavdelinga

Kulturdepartementet søkjer ein strategisk og framtidretta leiar (ekspedisjonssjef) for kunst- og museumsavdelinga. Vi ser etter deg som kjenner det kunst- og kulturfaglege feltet i Noreg, og som kan gjennomføre og motivere for endringar.

Ekspedisjonssjefen vil få fag- og personalansvar for ei avdeling med kompetente og fagleg engasjerte medarbeidarar og skal saman med dei forvalte og utvikle den samla porteføljen avdelinga har. Departementet har nyleg lagt fram ei Stortingsmelding om den overordna politiske retninga for kulturpolitikken framover, herunder oppgave- og ansvarsfordelinga mellom forvaltningsnivåa på kulturområdet, som avdelinga vil ha ei sentral rolle i å følge opp. Avdelinga arbeider òg med andre stortingsmeldingar og strategiske dokument på ei rekkje av fagområda til avdelinga, mellom anna barne- og ungdomskultur, kunstnarpolitikk, museum og scenekunst.

Ekspedisjonssjefen har det overordna ansvaret for etatsstyring og eigarstyring av etatar og verksemdar som høyrer inn under avdelinga sitt ansvarsområde, mellom anna Kulturtanken og Norsk kulturråd. Som avdelingsleiar har du tett samarbeid med den politiske leiinga i departementet og er sjølv ein del av den administrative toppleiinga. Du vil difor få eit medansvar for å styre, drive og utvikle heile departementet som profesjonelt forvaltningsorgan og støtteapparat for den politiske leiinga.

Kvalifikasjonar

Du må ha god og dokumentert leiarerfaring og god kunnskap om fagområda avdelinga har ansvaret for. Du har relevant utdanning, med fullført grad på masternivå. Relevant erfaring kan kompensere for kravet til utdanning. Kjennskap til og erfaring frå andre relevante fagområde er ein fordel. Du må ha god forvaltningskompetanse og vurderingsevne, og du må forstå politiske prosessar og rolla som ekspedisjonssjef i eit departement.

Du må ha evne til å skape gode samarbeidsrelasjonar, både internt og eksternt. Du kommuniserer godt på norsk og engelsk, både munnleg og skriftleg.

Du har eit godt lag med folk, og du får fram det beste i medarbeidarane dine.

Stillinga er eit embete som krev statsborgarskap i Noreg. Det er òg eit krav om at du kan få tryggingssklarering

Stillingsplassering og løn

Ekspedisjonssjef. Løn etter avtale.

Inkluderande arbeidsliv og mangfald

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i samfunnet. Det er difor eit personalpolitisk mål å få til ei balansert samansetning på tvers av alder og kjønn, og å rekruttere personar med innvandrarakgrunn, nedsett funksjonsevne, og dei som har stått utanfor arbeid og utdanning i ein lengre periode. Opplysningar om dette kan bli brukte til registerformål. Som IA-verksemd vil vi leggje til rette for personar med nedsett funksjonsevne.

Offentleggjering

Dei som søkjer, må være merksame på at opplysningar om dei kan bli offentleggjorde, sjølv om søkjarane ber om ikkje å bli oppførte på den offentlege søkjarlista. Departementet vil svare på krav om unntak frå den offentlege søkjarlista før ho blir offentleggjord.

Kontakt

For meir informasjon om stillinga, kontakt vår rekrutteringskonsulent Ann-Kristin Hedman Nyrønning i firmaet BackerSkeie Executive Search & Selection på mobil 920 85 397, eller departementsråd Kristin Berge på mobil 480 53 373.

Jobbnorge-ID: 161995, Søknadsfrist: Avsluttet